

Drøfting av struktur og oppbygging av samfunnsdel.

Kva for ein plan ønske me å laga.

Planen planleggast fram til ein sett dato, men realistisk så går den ut på dato i det Tysnes får sine bru-kryssingar realisert.

Sjå på andre kommunars val av oppbygging og layout.

Grunnlaget for planen er ein gjennomgang av kva er Tysnes for meg, deg og andre.


Kva er Tysnes si identitet, kva skil Tysnes frå andre plassar, kva har me lite av, kva har me mykje av, Kva gjer oss stolte, kva vil me verna om, kva ønske me å retta på, korleis vil me møta andre, kva kan me gje og kva ønske me å få ? ( lista er ikkje utfyllande)

**Hovudmål** – Kan vera enkle, men og ambisiøse.

**Delmål** – oppnåelege delmål stimulera til vidare arbeid.

- 3-4 delmål pr. hovudmål er eit ok utgangspunkt.

**Strategi** – det utarbeidast strategiar for å nå dei ulike delmåla



Når me pratar om Tysnes, om det så gjeld næringsutvikling, naturopplevingar, kultur eller bustadspørsmål så bør me kunne visa til kva samfunnsdelen av kommuneplanen seier om tema.

Representantane i FS hadde til møte fått ein oppgåve med å gje døme på hovudmål, her kom fram gode døme på hovudmål-delmål og verkemidlar. Dette er ei øving me må gjera gjennom hele prosessen for å plassera det rett i pyramiden. ...samlar me opp innspela: «Tysnes skal vera den beste plassen å leva, ikkje berre bu, med ultragode kommunikasjonar, tilrettelagt for næringslivet, ny og gamal og ved sjøen som skal vera tilgjengeleg for alle og turisme» kan me sjå at det er tenkt gode tankar men me har framleis ein sorteringsjobb å gjera.

Det ble og peika på at innleiing i samfunnsdel frå 2002 vedkommande kyststamveg meir eller mindre ordrett kan gjenbrukas med fornya håp raskare gjennomføring i ny planperiode.

Korleis organisera den vidare medverkinga, folkemøter ?

Temamøter var ein meir spenstig løysing enn tradisjonelle bygdemøter, på ein annan side så må me treffa på tema, så me ikkje får situasjonar med tomme salar om tema ikkje engasjera i det område møte vert halde, sjølv om me seier at me er eit Tysnes.

Det politiske arbeidet. Det vart drøfta ein mogleg arbeidsverkstad for heile kommunestyret der ein satt av ein dag til å organisera grupper, jobbe ut ulike tema, møte folk og næringsliv.

Dette må organiserast og forberedast av administrasjonen eller nytte ekstern kompetanse.

Når det gjeld design og presentasjon av sjølve dokumentet vil me og ha opp kvaliteten på produktet.